



Statens Vegvesen  
Hordaland fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune

17 APR 2012

MOTTATT  
Statens vegvesen  
Region vest

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2009000153-10  
Journalpostid: 2012005416 Saksh:  
Telefon:

Statens vegvesen	
Reg. dato:	20 APR 2012
Sak:	2010002182-364
Adress:	321

Arkivkode  
K2-Q10, K3-  
&30 Dato:  
10.04.2012

## NASJONAL TRANSPORTPLAN (NTP) 2014-2023

### UTTALE ODDA KOMMUNESTYRE 11.04.2012

**Odda kommunestyre er samd med transportetatane at prioritering av drift vedlikehald er naudsynt for å ta att lang tids forsøming og støttar ei planramme på + 45 % i framlegg i NTP.**

NTP 2014-2023 har redusert dagens investeringsnivå med 60 % til fordel for drift og vedlikehald. Odda kommunestyre kan ikkje sjå at dette vil gje eit tenleg framtidig nasjonalt vegnett og krev at investeringsramma vert minimum dagens nivå i høve forslaget i NTP.

I Odda kommune er det to vegar med statleg ansvar: Rv 13 og E 134

#### E134: SELJESTAD – RØLDAL - VÅGSLI.

Samferdselspolitikken skal støtte opp under resten av næringspolitikken og den generelle politikken for miljø- og regionalutvikling.

Odda kommune er svært positiv til at det er teke konsekvensar av at nokre store vegprosjekt er med i framlegget. I den samanhengen vil me peika på følgjande:

I forhold til E 134 er dei fremste måla:

- Europaveg 134 er den viktigaste aust – vest transportkorridoren i Sør-Noreg, og bind saman våre største byar, befolkningsområde og verdiskapingsmiljø. Europaveg 134 må difor prioriterast svært høgt når midlar til dei nasjonale transportkorridorane skal tildelast.
- Signifikant reduserte miljøbelastningar og transportkostnader, redusert ledetid/transporttid og størst mulig regularitet for den vareproduserande delen av næringslivet, både råvareproduksjon og ferdigvare.

#### Eit levande kraftsenter

Politisk Telefaks: 53 65 40 51 Opheimsgata 31 5750 ODDA	Org.nr: Bankgiro: Innbetalning skatt:	964 967 814 3201.50.24584 6345.06.12288	Telefon: Telefaks: Epost:	53 65 40 00 53 65 40 51 <a href="mailto:epost@odda.kommune.no">epost@odda.kommune.no</a>
--	---	---	---------------------------------	--

c. Auka effektivitet og gevinst ved reduserte personlege transportkostnader og reisetid innanfor naturlege arbeids-, bu- og serviceregionar, samtidig som ei utviding av desse gjer lokalsamfunn og bedrifter meir robuste.

d. Frå ulike innfallsportar må reiselivet kunne tilby sine gjester ein vegstandard til destinasjonane i indre delar av fylka som innbyr til besøk.

e. Tiltaket vil bidra til vesentleg effektiveisering av ein nasjonal transportkorridorar og bidra til å styrka grunnlaget for buss som transportmiddel inkl. det kommersielle grunnlaget for slik transport.

#### **E134: Seljestad-Røldal-Vågsli.**

E134 Seljestad-Røldal -Vågsli må realiserast i første del av planperioden 2014-2023 som det vert opna for i NTP 2010-2019, med oppstart tidlegast mulig. Odda kommune forventar at tunellen Seljestad – Røldal blir bygd først av dei to lange tunellane. Den har størst positiv effekt på reisetid, høgdemeter og vinterregularitet.

Staten må løyve tilstrekkeleg med midlar som sikrar fullfinansiering av **heile** prosjektet i løpet av perioden.

Næringslivet både i vårt nærområde og Hordaland og Rogaland har mykje transport som går E134 til Grenlands- og Oslofjordområdet. Nye tunellar mellom Seljestad – Røldal – Vågsli vil vera med på å korta ned reisetida for tungtransporten med om lag 30 minutt. Dei vil gje mindre utslepp og dermed miljøgevinst, lågare driftskostnadar og sikrare vinterveg.

Odda kommune, Hardanger og næringslivet i Hardanger treng dette prosjektet som ein sentral del av den samla infrastrukturen i regionen. Eit påliteleg og effektivt samband sør og austover gir kostnadsmessige fordelar og nye vekstmuligheter for næringslivet.

#### **Odda kommunestyre krev betydeleg auka investeringsnivå for vegsektoren i regionen.**

- **RV 13: Odda sentrum - Tyssedal. Vegløsing som ivaretake ei framtidig trafikkavvikling for Odda sentrum** i første del av planperioden . Tiltaket skal også rassikra denne utsette strekninga
- **Rv 13: Planavklaring og bygging av ny trase i Oddadalen ink X E 134.** I første del av planperioden.
- **Fv 550: Planlegging og fysisk løysing Odda sentrum x Fv 550/551.** I første del av planperioden, som følgje av auka trafikk etter opning av Jondalstunellen.

#### **Odda kommunestyre prioritet på rassikring og trygge fjordvegar**

Hardangerregionen har fleire av dei alvorlegaste raspunkta og rasstrekningane i Noreg og Odda er rikeleg representert. Rastrygge vegar må vera eit minstekrav for å ta heile landet i bruk og skapa busetnad og næringsutvikling i distrikta. Dette gjeld skulevegar, pendlarvegar, næringstransport og ikkje minst fritidsreisande i ein av landets største reiselivsregionar, Hardanger.

Odda kommunestyre viser til dei tiltaka som er med i NTP og **ventar auka ramme, slik at**

- **Rv 13: Rassikring av Aurskreda i Odda kommune**

- **Rv 13: Rassikring Odda sentrum - Tyssedal.**
- **Rv 13 Rassikring ved Skjelvik i Odda/ Ullensvang grense**

kan gjennomførast i planperioden

### **Odda kommune forventar gul stripe på riksvegane.**

Når Stortinget har bestemt at Rv 13 på strekninga: Jøsendal (x E 134 og til Voss) som er riksveg med stamvegstatus ventar og krev både regionen og kommunestyre ein riksvegstandard med gul stripe og vegbreidde på 8,5 m, i visse parti 7,5 m, og tilfredstillande geometri. Odda kommunestyre ber om at vegstrekninga: **Odda- Jondal mot Bergen får stamvegstatus.**

### **Val av trase i Hordaland for E 39.**

Odda kommune viser til dei ulike mogelege trasevala E39 kan ha gjennom Hordaland og då særleg strekninga Stord – Bergen. Utviklinga i Hardanger er mellom anna svært avhengig av den veksten som i dag skjer langs Vestlandskysten. Regionen så vel som Odda kommune er avhengig av god kontakt med «Kyststamvegen» E 39. Tiltak som Folgefonnaftunnelen og Jondalstunnelen styrker grunnlaget at traseen vert lagt via Fusa. Den nye Tyssetunnelen styrker og grunnlaget for å leia E 39-trafikk utanom Bergen sentrum.

### **Turistveg Hardanger og vegutbygging i Hardanger må arbeida saman.**

Det er svært positivt at Nasjonale Turistvegar no satsar vidare i eit spleiseland i Hardanger med endring av Turistveg Hardanger og Turistveg Hardangervidda. Utbygging av fossepunkta Steinsdalsfossen Fv 7, Vøringsfossen Rv 7 og Låtefossen Rv 13 må fullførast i planperioden i samsvar med vedtekne finansieringsrammer.

### **Høgfartsjernbanestruktur i Noreg må besluttast i planperioden.**


I NTP 2014-2023 er Høgfartsutgreiinga for jernbane omtala som mogeleg og driftsforsvarleg når bygkekostnadane er utanfor samfunnsrekneskapen..

Odda kommunestyre ventar ei satsing på høgfartsbane i SørNoreg og viser til at Haukelibanen er den traseen vest-aust med størst passasjerpotensiale. For Odda kommune, Folgefonna-regionen og resten av Hardanger vil Haukelibanen vera ei sterkt vitaminsprøye for regional utvikling.

### **Dei regionale flyplassane Flesland og Helganes må få rammevilkår til å utvikla seg som internasjonale lufthamner.**

Utbygginga på Gardermoen må ikkje vera til hinder for at Flesland og Helganes får vidareutvikla seg som internasjonale lufthamner og slik opna for regional og lokal destinasjonsutvikling innan reiseliv / internasjonale næringar.

Venleg helsing

  
John Opdal  
Ordførar